
Informasjonshefte 2026-2027



Velkommen til barnehageåret 2026-2027!

Her i heftet finn du informasjon som kan vere nyttig for deg som føresett i Sundre barnehage.

Sundre barnehage er ein kommunal barnehage med seks avdelingar fordelt på to hus.

Huset mot aust heiter **Hallingstugu** og her finn du avdelingane **Stugu, Kleven og Kammerset.**

- **Stugu,** her går barn født 2021 og 2022.
- **Kleven,** her går barn født 2022, 2023 og 2024.
- **Kammerset,** her går barn født 2024 og 2025.

Huset mot vest heiter **Låven** og her finn du avdelingane **Bråtet, Lue og Skålen.**

- **Bråtet,** her går barn født 2021 og 2022.

- **Lue,** her går barn barn født 2022, 2023 og 2024.
- **Skålen,** her går barn født 2024 og 2025.

Ved oppstart av barnehageåret er vi 78 barn i ulik alder, som tilsvara 100 plassar og vi er 26 tilsette i ulike stillingsstorleik, som er fordelt i ulike roller i barnehagen.

Personalet i barnehagen består av styrar, assisterande styrar, barnehagelærarar i ulike stillingar, spesialpedagogar, barne og ungdomsarbeidarar, assistentar og tilsette med andre utdanningar.

Styrar har det overordna ansvaret for barnehagen, administrativt, pedagogisk og for alle tilsette. Pedagogisk leiar har ansvar for å setje i verk og leie det pedagogiske arbeidet på si avdeling. Alle tilsette har ansvar for utføringa av det pedagogiske arbeidet i kvardagen.

I tillegg til at barna høyrer til på ei avdeling høyrer dei også til ei alderslikgruppe, som møtes på tvers av avdelingane og husa for å bygge relasjonar. Dei ulike gruppene har ulike namn og symbol, som du vil sjå i ulike samanhengar.

Vi er ein flott gjeng som gler oss til gode kvardagar saman!



1 - Marihøna er gruppa for barn født i 2025 og eventuelt 2026.



2 - Hoppetussa er gruppa for barn født i 2024.



3 - Tusenbeinet er gruppa for barn født i 2023.



4 - Friskussen er gruppa for barn født i 2022.



5 - Tannlausen er gruppa for barn født i 2021.

Kvardag

07.30 - 16.30 er opningstida i Sundre barnehage.

07.30 - 09.00 er det frukost frå nisteboksen, for barn som ynskjer og trenger det.

09.30 - 14.00 er kjernetida vår. Kjem eller reiser barnet i kjernetida, meld frå til avdelinga. Då er aktivitetar i gong og det kan hende vi er på tur utanfor barnehagen.

11.00 - 11.30 er det tid for formiddagsmat og barna har med eigen niste, barnehagen serverer mjølk og vatn, frukt og grønt.

14.00 - 14.30 et vi ettermiddagsmat, som vi kallar Tutti-Frutti. Då får barna tilbod om frukt og grønt frå barnehagen, resten av innhaldet i nisteboksen sin og anna som er med heimanfrå.

Gjennom dagen skal leiken vere barna sin hovudaktivitet, der personalet skal tilpasse og balansere mellom aktivitet og kvile ut frå kva barnet treng til ei kvar tid. Klokkeslett er rettleiande og skal justerast til behov hjå barna.

Gjennom veka og månaden vil det vere varierande aktivitetar og prosjekt på dei ulike avdelingane. Gjennom veka har vi sett følgjande struktur:

- **Måndag** - turdag eller anna opplegg på avdelinga

- **Tysdag** - ein intern møtedag.
- **Onsdag** - samarbeid i alderslikegrupper eller anna opplegg.
- **Torsdag** - matdag og barna får formiddagsmat i barnehagen.
- **Fredag** - turdag eller anna opplegg på avdelinga

Innhald i barnehagen blir konkretisert i årsplanen og du finn konkrete opplegg på månadsplanen.

Tilvenning

Tilvenning i barnehagen er individuelt og vi tilpassar oss barnet og familiens behov. For nye barn avtalar vi eit første besøk og du får ein kontaktperson som du avtalar vidare tilvenning med. Vi ynskjer eit tett samarbeid med deg gjennom tilvenning og i kvardagen elles.

Tilvenning er ikkje berre for barn som kjem heilt nye, det gjeld også dei barna som bytter avdeling om hausten eller undervegs i året. Vil du lese meir om kva som er viktig ved tilvenning, rår vi deg til å sjå gjennom tips frå Utdanningsnytt Her er 8 tips til tilvenning i barnehagen.

Ta gjerne kontakt med oss om du har spørsmål.

Kommunikasjon og informasjon

Eit godt samarbeid med deg som føresett er viktig for barnets trivsel og utvikling. Det er viktig at vi i kvardagen snakkar saman om stort og smått. Samtidig er det viktig at du forsøker å delta på dei ulike arrangement i regi av foreldregruppa og barnehagen.

- Fortel oss om viktige endringar i barnet sitt familieliv, opplevingar og liknande som kan påverke barnet.
- Det er viktig å nytte tida ved levering og henting til informasjon mellom føresette og tilsette (beskjedar, informasjon om dagsform, spesielle hendingar, med meir). Dersom det er informasjon om sårbare tema, be om ein prat, så vi kan ta ei samtale utan andre til stades.
- Sørg for at dei tilsette på avdelinga veit at barnet ditt har kome og når de går heim for dagen.
- Dersom barnet blir henta av andre enn føresette må vi få beskjed om dette. Har vi ikkje fått informasjon, ringer vi deg for avklaring.

I stor grad brukar vi appen Min Barnehage for foresatte til informasjon og kommunikasjon med deg, men den erstattar ikkje den gode samtala. Når du har lasta ned appen, send oss ei melding i appen, så veit vi at du er inne og vi kan bruke meldingar og beskjeder på app i staden for SMS og lappar. I appen må du også godkjenne eller avslå samtykker på vegne av

ditt barn. Det omhandlar mellom anna transport, foto, film og lyd. Om du trenger hjelp, så spør dei tilsette på avdelinga om hjelp.

Har du behov for å ringe oss, er telefonnummeret:

- **Stugu** - 908 43 548
- **Kleven** - 908 47 158
- **Kammerset** - 908 69 567
- **Bråtet** - 908 75 031
- **Lue** - 477 54 571
- **Skålen** - 908 82 250

- **Styrar, Eli** - 940 28 297
- **Assisterande styrar, Rebecca** - 920 88 590

Gjennom barnehageåret har du foreldresamtalar med pedagogisk leiar for avdelinga til barnet ditt og i etterkant av samtala får du tilsendt referat som du skal godkjenne digitalt. Derfor er det viktig at det er riktig og oppdatert e-postadresse i dine kontaktopplysningar i Kontakt- og reservasjonsregisteret. Vi ser at varselet om post til signering ofte hamnar i søppelpost, så sjekk i søppelpost dersom du ikkje finn den.

Generell informasjon og årsplan finn du på barnehagen si heimeside. På Ål kommune sine nettsider om barnehage finn du kommunale vedtekter, ulike skjema og anna aktuell informasjon.

Frammøte

Dagleg frammøte

Barnehagen er barnet sitt første møte med utdanningsløpet og er ein viktig stad for barnet å utvikle vennskap og kjenne seg som ein del av eit større fellesskap. Barn som opplever vennskap og fellesskap med støtte og hjelp, har ei god forutsetning for å trivs i barnehagen. Vi som tilsette i barnehagen har ansvar for å skape eit inkluderande fellesskap i kvardagen for alle barna våre. Vi ser at barn som ofte er vekke frå barnehagen strevar med å oppretthalde sin plass i fellesskapet og at det påverkar korleis vennskap utviklar seg. På bakgrunn av våre observasjonar ber vi om at du som føresett bidreg til at barnet ditt jamleg er i barnehage. For at vi skal kunne utvikle og oppretthalde relasjonar som barna kjenner som trygg og god.

Helse og sjukdom

For alle barn som byrjar i barnehage skal ein levere helseerklæring. Føresette fyller ut via føresettportalen.

Innlogging for aal: Foresattportal

Ved sjukdom er det viktig å informere barnehagen, slik at vi ved smittsame sjukdom får formidla informasjon vidare. Det kan du gjere ved å sende oss ei melding i appen.

Barnehagane i Ål følgjer råd frå Folkehelseinstituttet når det gjeld sjukdom og opphald i barnehagen. I dokumentet frå Miljøretta helsevern Hallingdal "Når bør barn være hjemme fra barnehagen?" er det lett å orientere seg for deg som føresett. Treng barnet ditt medisinering i barnehagen må du gjere ei skriftleg avtale på eige skjema. Ta kontakt med tilsette på avdelinga, så fyller du saman med den tilsette.

Om barn skadar seg i barnehagen og personalet er usikre på om barnet treng behandling av lege eller tannlege, tek vi kontakt med legevakta eller tannlegen for å få råd. Ved mistanke om alvorleg skade ringer personalet 113 for rask rettleiing. Du som føresette vert alltid informert, slik at vi saman finn beste løysing for barnet.

Fri og ferie

Skal barnet ditt ha ein fridag eller lengre ferie er viktig at du melder frå til avdelinga, det kan du gjere i appen. Du kan velje å legge fråvær inn i kalenderen eller sende ei melding. Slik kan avdelinga planlegge kvardagen best mogleg og gjennomføre dei oppsette aktivitetane.

Planleggingsdag

Sundre barnehage har fem planleggingsdagar gjennom barnehageåret, då er barnehagen stengt.

Fastsette datoar for barnehageåret 2026 -2027 er:

- Torsdag 13.08.26
- Fredag 14.08.26
- Onsdag 11.11.26
- Fredag 12.02.27
- Fredag 07.05.27

Diverse informasjon

Bursdag

Bursdagar er viktige dagar for barna og vert alltid feira i barnehagen. Bursdagar blir feira med eigen bursdagssamling, der bursdagsbarnet får vere med å bestemme innhaldet i

samlinga: velje ut song, rim, regle, leik, eventyr frå bursdagskista vår. Bursdagsbarnet vel bordpynt, får krone og kort. Barnet vert feira med eit eige bursdagsflagg som heng utandørs.

Når du inviterer til bursdagsselskap heime, er det viktig å tenkje på inkludering ved å invitere alle barn som naturleg høyrer til i barnet si gruppe, enten heile gruppa eller alle jenter eller gutar. Slik er du ein god rollemodell for barnet ditt og er med på å legge grunnlaget for eit inkluderande oppvekstmiljø omkring barnet ditt. Dersom du vel å legge invitasjon i barna sine hyller, må det være ei inndeling som er nemnt ovanfor.

Utstyr

For at vi skal klare å halde orden på barna sine klede og anna utstyr, må alt vere namna. Bruk merkelapp eller merkepenn.

Skitne klede, yttertøy og regntøy må heim til tørk og vask. Ekstra skittent yttertøy heng ofte på knaggane utanfor avdelinga når vi har gått inn.

Hugseliste:

- Minst eitt skift i barnehagen tilpassa årstida.
- Regntøy og støvlar bør vere med kvar dag i aktuelle årstider. Barna har knagg og skohylle til dette i vindfanget
- Bleier, vi ynskjer ikkje "Up'n'go".
- Drikkeflaske til bruk inne og ute. Hugs å ta med flaska heim for vask kvar dag.

Sovebarn:

Barn søv enten ute i eigen vogn med fempunktssele og egna tilbehøyr, eller på madrass inne. Ta med smokk eller kosedyr om det trengs.

Parkering

Ål kommune er ein trafikksikker kommune og for at trafikkmønsteret skal vere så sikkert som mogeleg er det tenkt slik:

- Føresette parkerer på nedre parkeringsplassen ved Hallingstugu. Bruk dei merka plassane og rygg inn når du parkerer. Er nedre parkering full, kan du nytte parkering på nedsida av kyrkjegarden.
- Tilsette parkerer på parkeringa ovanfor Låven og parkeringa på vestsida av kyrkjegarden.
- Bruk alltid godkjend og alderstilpassa bilsikring til barna.
- Barna skal vente innanfor gjerdet til dei kan gå saman med deg ut porten.

- Alle må late att porten og feste kjettingen.
- Ber om at du skrur av bilen mens du leverer og hentar, slik at vi ikkje opplever hendingar med barn som får bilar til å trille.